

# **Funksjonell strandsonekartlegging,**

## **Kjerkalevik, Bømlo**

### **Innhald**

Bakgrunn .....	2
Samandrag .....	2
Innleiing.....	3
<u>Oversikt.....</u>	4
Gjennomgong av tomtene .....	6

## Bakgrunn

Det er meldt oppstart av detaljreguleringsarbeid for Kjerkalevik ved Lykling i Bømlo kommune.

Det er på denne bakrunnen føreteke ei kartlegging av den funksjonelle strandsona innanfor planområdet. Som metodikk har ein valgt å ta utgongspunkt i [Statlege planretningslinjer for differensiert forvaltning av strandsonen langs sjøen](#) samt «Differensiert strandsoneforvaltning i Sunnhordland», utarbeida av Akvator i 2010. Her nyttar ein definisjonen av «tilgjengeleg strandsone» - areal som er tilgjengeleg i eit friluftsperspektiv, det vil seia at områda ikkje skal vera påverka av privatiserande tiltak eller for bratte for normalt opphald.

Som utgongspunkt er det då brukt same definisjonar av objekt og buffersoneavstand som i denne rapporten for tilgjengeleg strandsone:



Tabell 1. Kriterium som analysane er basert på.  
Analysane er delt opp i to typer tema; innrepstilfelle strandzone og tilgjengeleg strandzone. Oppgitt buffer i tabell er gitt ut fra at det arealet vert definert som innrep eller tilgjengeleg.

Tema		Størrelse på buffersona kring ulike deltema som vil verha definert som innrep eller tilgjengelag strandzone	
		Tema: Innrepstilfelle strandzone	Tema: Tilgjengelag strandzone
Bygningar	Andre bygg: heilårsbustadar, industri, lager mm	50	50
	Fritidsbygg: fritidsbustadar, rorbu	25	25
	Uthus: naust, garasje, uthus	0	0
Veg	Europaveg, riksveg og fylkesveg	25	25
	Kommunalveg og privatveg	10	10
Andre infrastruktur	Arealbruk (t.d. kaier, brygge, silo)	0	0 (utval <sup>2</sup> )
	Anleggsmøralde (t.d. grustak, idrettsplass, næringsareal)	5	5 (utval <sup>2</sup> )
	Kraftline/høgspent inkl. installasjonar	5	Ikkje relevant
Markslag	Innmark (fulldyrka, overflatedyrka og innmarksbeite)	0	0
Kulturminne	Automatisk freda kulturminne	5	Ikkje relevant
Topografi	Bratte parti over 25 graders helling	Ikkje relevant	0

Utdrag frå Strandsonekartlegging i Bømlo kommune, Akvator 2010.

## Samandrag

Ved å bruka same metodikk som over, finn ein i grove trekk at store delar av den aktuelle strandsona er å sjå på som så påverka av privatiserande tiltak (les: bustadar og eksisterande fritidsbebyggelse) at det ikkje lenger finnes det som vert definert som tilgjengelag strandzone med allmenne verdiar for rekreasjon. I tillegg ligg heile dei austre delane av planområdet inntil kommunal veg Lyklingsjøvegen, og sjøområdet har blautbotn/evje som gjer området ueigna til fisking og badeaktivitet som rekreasjon for ålmenta. På denne bakgrunn er det planleggjar sin konklusjon at området er best eigna til fortetting, og at det ikkje går tapt viktige verdiar for allmenn ferdsle, friluftsliv eller naturverdiar.

## **Innleiing**


Føremålet med detaljreguleringsplanen er å planleggja for bygging av inntil 11 nye fritidsbustadar i henhald til planskisse. Innanfor planområdet vert det tilrettelagt for naudsynt trafikkareal, parkering, kaiar, flytebrygger og småbåthamn i sjø. Tilførselsvegar er allereie etablert.

I det vidare vert det forutsett at planomtale for detaljreguleringsplan Kjerkalevik er lest, og det vert i utgongspunktet ikkje gjenteke tema som er omtala der. Kartlegginga tar for seg alle eigedomar innanfor plankartet, eller dei delane av eigedomar som er innanfor plankartet. I gjennomgangen under føl me planområdet frå sørvest til nordaust, tomt for tomt.

Bilder er henta frå fonnakart.no (flyfoto), og eigne dronebilder frå synfaring i området 26.02.2020 føreteke av planleggjar.

Planomfangen er sett av Bømlo kommune.

## Oversikt




Bildet viser heile planområdet, med tilførselsvegar.


Planomfanget famnar om mange eigedomar, ca 30 ulike eigedomar, medan det berre vert føreslege utbygd på 10 eigedomar. Denne kartlegginga tek difor berre føre seg dei eigedomane som er aktuelle for utbygging, i tillegg til oversikt.

I praksis er dette to utbyggingsområde, eitt inne i Kjerkalevik (sørvest) og eitt nærmere Lyklingsjøen (aust). Heile den austre delen av planområdet ligg nærmere eksisterande bustadhus enn 50m, ref kriteria ovanfor (sjå illustrasjon på side 5). Etter desse kriteria har den austre delen av planområdet ikkje attståande funksjonell strandsone.

Difor vert den sørlegaste delen av planområdet viktigare, og her har ein valgt ein moderat utbygging for å halda på ålmenta sine interesser. Vidare vert det tilrettelagt for tursti (ein gammal postveg) forbi eksisterande bebyggelse, samt over stranda inst i Kjerkalevik. Denne er allereie tilrettelagt forbi 137/57, men vert no teke vidare også i reguleringsplanen over 137/62 og vidare til privat veg for å få ei samanhengande turløype.



Den austre delen av planområdet med innteikna avstandssirklar i gult frå eksisterande bustadhus ihht til kriteria for identifisering av funksjonell strandsone. Føreslårte fritidsbygg innteikna i grønt. Som illustrert vert heile strandsona liggjande innanfor 50m avstand til eksisterande bustadhus.



Den sørvestre delen av planområdet

## Gjennomgong av tomte

G.nr b.nr	Eigar	Byggeområde	Kommentar
137/62	Anne Karin Norenes		



Tomta har i dag eit eksisterande, eldre naustbygg som er tenkt vidareført som fritidsbygg. Tomta har strandsone og ein gammal sti (postvegen) som går langs stranda og vidare opp privat veg. Det er forutsett at denne tilkomsten for ålmenta skal vidareførast, og stien vert regulert inn som tursti og sikra i føresegner. Sjølve stranda er prega av blautbotn og er lite eigna til badning.

Tomta ligg nærare eksisterande bustadhus (137/26) enn 50m og har såleis ikkje attståande funksjonell strandsone ihht kriteria ovanfor.

G.nr b.nr	Eigar	Byggeområde	Kommentar
137/21	Eigar Leif Gunnar Våge		



Tomta er prega av utfylt stein i strandsona og har ikkje særlege gjenståande verdiar for ålmenta slik ho framstår. Det er brattlent bak tomta, med privat tilførselsveg som går ned til øvrige naust like ved. Sjølve stranda like innafor er prega av blautbotn og er lite eigna til bading og andre fritidsaktivitetar.

G.nr b.nr	Eigar	Byggeområde	Kommentar
137/19	Eigar Anton Nielsen		



Eksisterande naustbygg på 137/19

Tomta er nesten heilt utbygd, med eksisterande naustbygg og steinfylling. Eit lite berg er synleg i dagen nord for naustet. Eksisterande naustbygg er planlagt erstatta med ein fritidsbustad.

G.nr b.nr	Eigar	Byggeområde	Kommentar
137/23	John Våge		



Eksisterande naust på 137/23 nede i midten av biletet

Tomta er for det meste utbygd med eit eksisterande naustbygg. Dette bygget er planlagt omregulert til fritidsbygg. Over tomta er det tilrettelagt med gangveg til eksisterande naustbygg på 137/3. Dette er planlagt behalde slik det er.

G.nr b.nr	Eigar	Byggeområde	Kommentar
137/4	Gunnbjørg og Ole Martin Berge		



Tomta er prega av steinfylling mot sjø, og er brattlent. Det er tilordna trapp ned til sjø og eksisterande kai og flytebrygge.

G.nr b.nr	Eigar	Byggeområde	Kommentar
137/49 + 50	Are J. Hammer		



Tomtene er delvis naturtomt og delvis prega av steinfylling. Tomtene har innslag av mindre tre og kratt. Begge tomtene ligg nedfor Lyklingsjøvegen. Tomtene har ei strandsone med grunn strand, men med blautbotn, slik at det er lite tenleg til bading og andre fritidsaktivitetar.


G.nr b.nr	Eigar	Byggeområde	Kommentar
137/39	Sølvi Ollestad Hanne Lise Omdahl		



Tomta 137/39 ligg mellom eksisterende naust og eksisterande bustadhushus

Tomta har ingen gjenstående original strandsone att, og er prega av sprengstein og utfylling i sjø. Tomta ligg inntil eksisterande bustadhushus, og har såleis ikkje attståande funksjonell strandsone ihht kriteria ovanfor.

G.nr b.nr	Eigar	Byggeområde	Kommentar
137/37	Nils Hansen		



Tomta har ingen gjenstående original strandsone att, og er prega av sprengstein og utfylling i sjø. Tomta ligg nærmere 2 eksisterande bustadhus enn 50m, og har såleis ikkje attståande funksjonell strandsone ihht kriteria ovanfor.

G.nr b.nr	Eigar	Byggeområde	Kommentar
137/45	Ståle Skjetne		



Tomta har ingen gjenståande original strandsone att, og er prega av sprengstein og utfylling i sjø. Tomta ligg nærmere 2 eksisterande bustadhus enn 50m, og har såleis ikke attstående funksjonell strandsone ihht kriteria ovenfor.

G.nr b.nr	Eigar	Byggeområde	Kommentar
137/2	Birgitte Bjørndahl Bjørnar Steine		



Tomta har ingen gjenståande original strandsone att, og er prega av sprengstein og utfylling i sjø. Tomta ligg nærmere 2 eksisterande bustadhus enn 50m, og har såleis ikke attstående funksjonell strandsone ihht kriteria ovanfor. Tomta ligg like ved elveutløpet til Lyklingelva, med oppgang av anadrom laksefisk.